

## Tal og fakta

<b>Innhald</b>	Klagesaker etter sosialtenestelova.....	40
	Klagesaker om rettar i helsetenesta.....	41
	Tilsyn med sosialtenesta.....	41
	Tilsyn med helsetenesta.....	42
	Tilsynssaker (enkelt saker) i helsetenesta.....	43
	Meldesentralen.....	45
	Bruk av nettstaden <a href="http://www.helsetilsynet.no">www.helsetilsynet.no</a> .....	45
	Innsyn i dokument.....	45
	Pressemeldingar.....	45
	Rundskriv frå Helsetilsynet.....	45
	Rekneskapsresultat.....	45

Denne delen av Tilsynsmeldinga gir oversikt over dei viktigaste oppgåvene fylkesmennene, Helsetilsynet i fylka og Statens helsetilsyn gjer som tilsynsorgan og klageinstans. Meir utførlig statistikk finst på [www.helsetilsynet.no](http://www.helsetilsynet.no).

### KLAGESAKER ETTER SOSIALTENESTELOVA

Klagesaksbehandlinga etter sosialtenestelova utgjer ei betydeleg enkeltoppgåve for fylkesmennene. Samla behandla fylkesmennene 6021 klagesaker i 2005 (2004: 7333 saker). Med klagesaker meiner vi saker der enkeltpersonar har klaga på avgjerder i kommunane om ytingar eller tenester etter sosialtenestelova, og der kommunen ikkje har følgt klaga. Fylkesmannen er klageinstans og overprøver vedtak i kommunen. Omtrent tre fjerdedelar av sakene gjaldt økonomisk stønad, dei andre handla i hovudsak om sosiale tenester. Eksempler på saker om økonomisk stønad kan vere klage på storleiken på den økonomiske sosialhjelpa, eller meir spesifikke klager knytta til einskilde tema som

stønad til mat, husleige, straum, depositum, klede, tannbehandling, medisinar, inventar, reise eller andre økonomiske ytingar. Klager på sosiale tenester gjeld særleg omsorgsløn, praktisk hjelp og opplæring, under dette brukarstyrt personleg assistanse, avlastning eller støttekontakt. Det kan gjelde klage på type teneste, omfang eller løn.

Fylkesmannen stadfesta det kommunale vedtaket i 71 prosent av sakene (2004: 74 prosent). Andelen stadfesta er høgare for saker om økonomiske ytingar enn for saker om sosiale tenester. I 14 prosent av sakene gjorde Fylkesmannen om vedtaka i kommunen. 13 prosent av vedtaka blei oppheva og sende tilbake til ny behandling i kommunen, og 2 prosent blei avviste slik at klagen ikkje blei realitetsbehandla. Det ligg ikkje føre tal

som viser kva som seinare skjer med sakene som blir sende tilbake, men mange vedtak blir gjorde om av kommunen ut frå føringar i avgjerda hos Fylkesmannen.

Fylkesmennene har hatt eit generelt krav om å behandle sakene innan tre månader. Over 90 prosent av sakene blei behandla innan tre månader, og over 70 prosent innan to månader.

Ved inngangen til 2005 var det 704 ubehandla saker, ved utgangen 841. Det kom inn 6154 saker, 240 færre enn året før. Det blei behandla 1312 færre saker i 2005 enn i 2004. I hovudsak kjem det av at fleire store fylkesmannsembete gjorde ein stor innsats for å få ned restansar i 2004. Hovudintrykket er at fylkesmennene har god kontroll på klagesakene etter sosialtenestelova.

**Tabell 1 Klager etter sosialtenestelova 2005 – nye og avslutta saker**

Fylke	Nye saker	Avslutta saker – økonomisk stønad	Av dette stadfesta (%)	Avslutta saker – sosiale tenester	Av dette stadfesta (%)	Sum avslutta saker
Østfold	528	397	65	105	31	514
Oslo og Akershus	1 420	1 011	75	183	50	1 278
Hedmark	243	180	83	55	31	257
Oppland	187	128	78	41	51	183
Buskerud	379	288	72	90	53	393
Vestfold	327	238	83	57	70	318
Telemark	240	185	77	36	75	245
Aust-Agder	111	89	87	22	55	119
Vest-Agder	174	136	76	32	63	168
Rogaland	526	440	81	75	72	525
Hordaland	560	451	76	117	61	588
Sogn og Fjordane	127	75	72	38	71	117
Møre og Romsdal	274	185	75	81	59	280
Sør-Trøndelag	270	167	85	49	43	223
Nord-Trøndelag	109	103	76	25	40	137
Nordland	323	217	72	67	48	307
Troms	246	158	82	52	62	220
Finnmark	110	129	64	19	47	149
<b>Sum</b>	<b>6 154</b>	<b>4 577</b>	<b>76</b>	<b>1 144</b>	<b>54</b>	<b>6 021</b>

Tabell 2 Klagesaker om rettar i helsetenesta avslutta ved Helsetilsynet i fylka – vurdert mot enkelte føresegner i lovene				
Føresegn	Føresegna gjeld	Tal saker 2005	Av dette fekk klagaren støtte	Tal saker 2004
<b>Pasientrettslova</b>				
§ 2–1 første ledd	rett til nødvendig helsehjelp frå kommunehelsetenesta	62	10	34
§ 2–1 andre ledd	rett til nødvendig helsehjelp frå spesialisthelsetenesta	134	46	72
§ 2–2	rett til vurdering innan 30 dgr.	25	19	5
§ 2–3	rett til fornya vurdering	3	2	4
§ 2–4	rett til val av sjukehus	15	15	9
§ 2–5	rett til individuell plan	12	5	11
§ 2–6	rett til sjuketransport	314	56	42
Kap. 3	rett til medverknad og informasjon	22	7	11
Kap. 4	samtykke til helsehjelp	1	0	1
§ 5–1	rett til innsyn i journal	31	25	20
	pasientrettslova, ikkje kategorisert	2	0	47
<b>Helsepersonellova</b>				
§§ 42, 43, 44	retting og sletting i journal, journal på feil person	26	13	23
<b>Kommunehelsetenestelova</b>				
§ 2–1	rett til nødvendig helsehjelp	182	52	143
§ 2–2	retten barn har til helsekontroll	1	1	
<b>Tannhelsetenestelova</b>				
§ 2–1	rett til nødvendig tannhelsehjelp	1	1	1
<b>Sum vurderingar mot enkeltføresegner</b>		<b>831</b>	<b>252</b>	<b>423</b>

## KLAGESAKER OM RETTAR I HELSETENESTA

Helsetilsynet i fylket er klageinstans når pasientar meiner at dei ikkje får oppfylt rettane sine etter pasientrettslova og nokre andre lovreglar. Den som har ansvar for tenesta (kommunen eller helseføretaket) skal ha vurdert saka på nytt før det blir fremja klagesak for Helsetilsynet i fylket. Helsetilsynet i fylket kan prøve alle sider av saka. Avgjerda frå Helsetilsynet i fylket er endeleg.

Tal på avslutta saker var 754 (361 i 2004, 199 i 2003). Ein stor del av auken kjem av nye reglar i pasientrettslova om rett til sjuketransport frå 1. september 2004.

Enkelte av dei 754 sakene blei vurderte mot fleire rettighetsparagrafar. Tabell 2 viser fordelinga av dei til saman 831 vurderingane.

I 252 av de 754 sakene er det gitt heilt eller delvis medhald.

**Tabell 3 Tilsyn utført av fylkesmennene (systemrevisjonar) med sosialtenesta – tal på systemrevisjonar**

Fylke	2005	2004
Østfold	9	7
Oslo og Akershus	16	6
Hedmark	10	4
Oppland	7	4
Buskerud	11	8
Vestfold	8	3
Telemark	8	3
Aust-Agder	7	8
Vest-Agder	8	5
Rogaland	8	3
Hordaland	10	5
Sogn og Fjordane	9	9
Møre og Romsdal	6	6
Sør-Trøndelag	14	8
Nord-Trøndelag	7	10
Nordland	9	10
Troms	8	6
Finnmark	5	4
<b>Sum</b>	<b>160</b>	<b>109</b>

## TILSYN MED SOSIALTENESTA

### Systemrevisjonar

Fylkesmennene gjennomførte 160 tilsyn som systemrevisjonar i 2005, sjå tabell 3.

I 34 av dei 160 systemrevisjonane i 2005 blei det ikkje funne brot på lov eller forskrift.

Av 160 tilsyn blei 80 førte felles etter både sosial- og helselovgivinga av Fylkesmannen og Helsetilsynet i fylket.

Fylkesmennene utførte to landsomfattende tilsyn etter rettleiar fastsett av Helsetilsynet i 2005:

- rettstryggleik ved bruk av tvang og makt overfor personar med utviklingshemming (sjå artikkel side 4–5) – 53 enkelttilsyn
  - kommunale helse- og sosialtenester til vaksne over 18 år med langvarige og samansette behov som bur utanfor institusjon (saman med Helsetilsynet i fylket) (sjå artikkel side 6–7) – 60 enkelttilsyn
- Oppsummeringsrapport for kvart av dei landsomfattande tilsyna blir publisert i serien Rapport frå Helsetilsynet.

I alt 47 tilsyn inngår ikkje i landsomfattande tilsyn. Verksemd og tema for desse er valde ut frå informasjon Fylkesmannen har om risiko og sårbarheit. Tema for dei 47 tilsyna var

- tenestetilbod til rusmiddelmissbrukarar (20 tilsyn),
- saksbehandling ved tildeling av kommunale tenester (6) og
- anna, som tenester til eldre heimebuande eller personar med psykiske lidningar, rettstryggleik med meir (21).

Per 31. desember 2005 var det framleis opne avvik ved fem tilsyn med sosialtenesta utførte i 2004 eller tidlegare (brot på lov eller forskrift påpeikt i tilsynet der det ikkje er ordna opp i forholda). Avvik gjeld tenester til rusmiddelmissbrukarar, avlastning og omsorgstenester.

## Tilsyn med rusinstitusjonar

Fylkesmennene gjennomførte 42 tilsyn med rusinstitusjonar, jf. kap. 3 i forskrift til lov om sosiale tenester med meir.

## Tvang og makt overfor menneske med psykisk utviklingshemming – sosialtenestelova kap. 4A

Rettstryggleik ved bruk av tvang og makt overfor enkelte personar med psykisk utviklingshemming er regulert i sosialtenestelova kap. 4A.

Kommunane rapporterer avgjerder om skadehindrande tiltak i nødsituasjonar (enkeltsituasjonar) til Fylkesmannen, jf. § 4A–5 tredje ledd bokstav a. Tal på avgjerder var 24 337 (21 110 i 2004) fordelte på 1065 personar (1032 i 2004), sjå tabell 4.

Fylkesmannen må godkjenne planlagde skadehindrande tiltak i gjentekne nødsituasjonar og tiltak for å dekkje dei grunnleggjande behova tenestemottakaren har for mat og drikke, påkledding, kvile, svevn, hygiene og personleg tryggleik, i dette opplærings- og treningstiltak, jf. § 4A–5 tredje ledd bokstavane b og c. Fylkesmennene godkjende 839 vedtak i 2005 (655 i 2004). Vedtaka gjaldt (2004 i parentes)

- 301 (272) planlagde skadehindrande tiltak i gjentekne nødsituasjonar,
- 342 (242) tiltak for å dekkje dei grunnleggjande omsorgsbehova tenestemottakaren har,
- 57 (47) bruk av mekaniske tvangsmiddel (16 vedtak med heimel i bokstav b, 41 i c),
- 131 (87) bruk av inngrepande varslingsystem (51 vedtak med heimel i bokstav b, 80 i c),
- 8 (7) opplærings- og treningstiltak.

Vedtaka omfatta 457 personar (378 i 2004).

Fylkesmennene gav 477 dispensasjonar (312 i 2004) frå utdanningskrava som § 4A–9 stil-

ler til personale som skal gjennomføre tiltak etter § 4A–5 tredje ledd bokstavane b og c.

Fylkesmennene avgjorde tre klager på tiltak etter § 4A–5 tredje ledd bokstav a, og førebudde for to klager på tiltak etter § 4A–5 tredje ledd bokstav b og c som Fylkesnemnda for sosiale saker skulle behandle.

Fylkesmennene gjennomførte 194 tilsyn på staden med tiltak etter § 4A–5 tredje ledd bokstav b og c, jf. tilsynsplikta i § 2–6 første ledd andre punktum. I tillegg blei det gjennomført 12 andre tilsyn på staden.

Den sterke auken i talet på personar med vedtak og talet på dispensasjonar frå utdanningskrav frå 2004 til 2005 kjem sannsynlegvis av delvis etterslep i saksbehandling i kommunane i samband med nytt kap. 4A som tok til å gjelde 1. januar 2004.

## Pålegg

Fylkesmennene har ikkje gitt pålegg med heimel i sosialtenestelova i 2005.

## TILSYN MED HELSETENESTA

### Tilsyn med verksemdar

Helsetilsynet i fylka gjennomførte 222 tilsyn som systemrevisjonar i 2005, sjå tabell 5. Av desse var 148 i kommunehelsetenesta, 69 i spesialisthelsetenesta og 5 i andre tenester.

I tillegg kjem tre systemrevisjonar og 20 andre tilsyn som Helsetilsynet i Rogaland har ført med helsemessige forhold i petroleumsverksemda.

I dei 148 (156 i 2004) tilsyna med kommunehelsetenesta inngår 76 tilsyn der Fylkesmannen og Helsetilsynet i fylket førte felles tilsyn med sosialtenesta og helsetenesta.

I 119 av 148 tilsyn i kommunehelsetenesta og 51 av 69 tilsyn i spesialisthelsetenesta blei det funne brot på lov eller forskrift.

Helsetilsynet i fylka utførte to lands-

omfattande tilsyn etter rettleiar fastsett av Helsetilsynet i 2005:

- kommunikasjon i helseføretak som har akuttfunksjon innanfor gastrokirurgi (magentarmkirurgi) og behandlar kreft i fordøyingskanalen (sjå artikkel side 8-9) – 23 enkelttilsyn
- kommunale helse- og sosiale tenester til vaksne over 18 år med langvarige og samansette behov som bur utanfor institusjon (gjennomført saman med Fylkesmannen) (sjå artikkel side 6-7) – 60 enkelttilsyn

Oppsummeringsrapport for kvart av de landsomfattande tilsyna blir publiserte i serien Rapport frå Helsetilsynet.

I alt 88 tilsyn med kommunane inngår ikkje i landsomfattande tilsyn. Tema for desse var

- pleie- og omsorgstenesta (49 tilsyn),
- legevakt (18),
- sosial- og helseberedskap (6),
- anna (15).

Tema for 46 tilsyn med spesialisthelsetenesta som ikkje er med i landsomfattande tilsyn, var

- pasientrettar (15 tilsyn),
- psykiatriske tenester (9),
- fødeinstitusjonar (8) og
- anna som private klinikkar, helsetenester til rusmisbrukarar, kvalitetsarbeid med meir (14).

### Avvik som er meir enn eitt år gamle

Per 31. desember 2005 var det framleis opne avvik ved 30 tilsyn utførte i 2004 eller tidlegare (brot på lov eller forskrift påpeikt i tilsynet der det ikkje er ordna opp i forholda). Tilsvarande tal var 40 ved utgangen av 2004 og 71 ved utgangen av 2003.

Av dei 30 ble eitt utført i 1999, eitt i 2002, fire i 2003 og 24 i 2004. Av dei 30

**Tabell 4 Tal på enkelte typar vedtak og personar som vedtaka gjeld, etter sosialtenestelova kap. 4A**

Fylke	Avgjerd er § 4A–5 a	Personar med avgjerd § 4A–5 a	Godkjende vedtak § 4A–5 b og c	Ikkje godkjende vedtak § 4A–5 b og c	Personar med vedtak § 4A–5 b og c	Dispensasjonar frå utdanningskrav § 4A–9	Tilsyn på staden
Østfold	728	61	20	6	14	14	3
Oslo og Akershus	4 072	187	59	5	49	37	24
Hedmark	280	37	37	0	11	24	11
Oppland	430	36	61	0	45	43	29
Buskerud	383	46	19	1	10	17	11
Vestfold	451	30	18	1	12	10	9
Telemark	712	37	30	2	8	9	7
Aust-Agder	574	19	7	2	6	4	1
Vest-Agder	490	65	32	2	26	6	10
Rogaland	2 176	110	53	3	33	45	13
Hordaland	6 933	150	127	3	60	62	23
Sogn og Fjordane	808	37	20	0	15	11	11
Møre og Romsdal	944	44	118	2	44	49	7
Sør-Trøndelag	3 180	56	41	1	34	11	7
Nord-Trøndelag	199	11	48	0	21	75	13
Nordland	123	89	103	0	34	32	14
Troms	1 554	34	33	2	21	23	10
Finnmark	300	16	15	1	6	9	6
<b>Sum</b>	<b>24 337</b>	<b>1 065</b>	<b>841</b>	<b>31</b>	<b>449</b>	<b>481</b>	<b>209</b>

gjeld tre tilsyn med helseføretak, mens 27 gjeld tilsyn med fleire ulike tenester i kommunar.

Helsetilsynet i fylka følgjer opp avvik overfor eigarar og ansvarlege drivarar av tenestene inntil forholda er i samsvar med lov og forskrift.

### Pålegg

Statens helsetilsyn har i 2005 varsla eller gitt pålegg om å rette på forholda, jf. helsetilsynslova § 5, spesialisthelsetenestelova § 7-1 eller kommunehelsetenestelova § 6-3, i følgjande saker:

- forskingsprosjekt ved Aker universitetssykehus HF – pålegg om å stanse prosjektet gitt i brev 23. september 2005 til Aker universitetssykehus HF
- korridorpatientar, medrekna tvangsinnlagde pasientar på korridor, ved Sandviken sykehus – pålegg gitt i brev 9. mars 2005 til Helse Vest RHF
- manglande planar for helsemessig og sosial beredskap – varsel om pålegg gitt til 103 kommunar og 6 helseføretak, pålegg blei seinare gitt til 26 kommunar – per 31.12.2005 var det framleis 41 kommunar og eitt helseføretak der forholda ikkje var i orden.

### TILSYNSSAKER (ENKELTSAKER) I HELSETENESTA

#### Tilsynssaker behandla av Helsetilsynet i fylket

Tilsynssaker er saker Helsetilsynet i fylket behandlar på grunnlag av klager frå pasientar og pårørande og andre kjelder, som handlar om mogleg svikt i tenestene.

Talet på nye saker per 100 000 innbyggjarar varierer frå 20 i Møre og Romsdal til 92 i Finnmark.

Fylke	Tal på tilsyn	Av desse i kommunehelsetenesta	Av desse i spesialisthelsetenesta
Østfold	10	7	3
Oslo og Akershus	23	13	10
Hedmark	11	8	3
Oppland	7	4	2
Buskerud	12	9	3
Vestfold	11	6	5
Telemark	10	5	4
Aust-Agder	15	13	0
Vest-Agder	8	5	3
Rogaland	11	6	5
Hordaland	23	14	9
Sogn og Fjordane	13	10	3
Møre og Romsdal	12	7	5
Sør-Trøndelag	15	9	6
Nord-Trøndelag	8	5	2
Nordland	14	11	3
Troms	14	12	2
Finnmark	5	4	1
<b>Sum</b>	<b>222</b>	<b>148</b>	<b>69</b>

Målet for saksbehandlingstida er at meir enn halvparten av sakene skal vere behandla innan fem månader. Dette blei oppnådd i 15 fylke (Oslo og Akershus talde kvar for seg) (10 fylke i 2004), sjå tabell 6.

#### Fordelingar

Nedanfor og på neste side gir vi informasjon om kjelder til tilsynssakene, kva og kven dei handlar om, og dei vurderingane og konklusjonane som sakene har resultert i. Somme enkelt saker er sette saman slik at meir enn

ei helseverksemd og/eller ein helsemedarbeidar er vurderte. I mange saker gjer ein vurdering etter fleire føresegner, slik at summen er høgare enn talet på saker.

#### Fordeling på kjelde for tilsynssaker

Pasient, pårørande og fullmektigane deira var kjelde i 1321 tilsynssaker i 2005. Pasientombod (142), arbeidsgivar (129) og meldingar om betydeleg personskade med meir (114) er andre hyppige kjelder. Det var til saman 2103 kjelder til dei 1965 avslutta sakene.

Fylke	Tal saker avslutta 2005	Del (%) meir enn 5 mnd. saksbehandlingstid	Tal saker avslutta 2004
Østfold	*122	34	89
Oslo og Akershus	*294	47	457
Hedmark	*90	57	77
Oppland	56	30	65
Buskerud	149	46	110
Vestfold	86	27	67
Telemark	76	43	70
Aust-Agder	51	31	34
Vest-Agder	68	62	50
Rogaland	137	46	100
Hordaland	164	30	115
Sogn og Fjordane	36	3	44
Møre og Romsdal	65	82	63
Sør-Trøndelag	148	41	94
Nord-Trøndelag	51	49	56
Nordland	110	54	82
Troms	74	35	65
Finnmark	71	45	37
Restanseprosjektet	*117		
<b>Sum</b>	<b>1 965</b>	<b>45</b>	<b>1 675</b>

\* På bakgrunn av for lang saksbehandlingstid ved Helsetilsynet i Oslo og Akershus, i Østfold og i Hedmark overtok Statens helsetilsyn primærbehandlninga av eit visst tal tilsynssaker. Talet på saker avslutta i 2005 var 117 (39 frå Oslo og Akershus, 41 frå Hedmark og 37 frå Østfold).

### Fordeling på tenester

Det blei gjort 1992 vurderingar av tenester totalt i dei 1965 tilsynssakene i 2005, sjå tabell 7.

Teneste	Tal på vurderingar 2005	Del av alle (%)	Tal på vurderingar 2004
Offentleg spesialisthelseteneste	772	39	720
Allmenn-/fastlegeteneste av dette legevakt	692	35	680
Sjukaheimar	137	7	138
Privat spesialisthelseteneste av dette private sjukehus	132	7	155
Heimebaserte helsetenester	23	1	36
Tannhelseteneste	83	4	90
Andre helsetenester	40	2	49
Ikkje kategorisert etter type helseteneste	122	6	124
Ikkje kategorisert etter type helseteneste	14	1	24
<b>Sum</b>	<b>1992</b>	<b>100</b>	<b>1980</b>

I 66 prosent av vurderingane i 2005 blei det ikkje funne brot på regelverket (påpeikt pliktbrott overfor helsepersonellet eller gitt systemkritikk til verksemd frå Helsetilsynet i fylket eller saka send over til Statens helsetilsyn).

### Fordeling på helsepersonell og verksemd

Det blei gjort 1231 vurderingar knytt til helsepersonell i tilsynssakene i 2005. I tillegg blei det gjort 761 vurderingar knytt til verksemda som organisasjon (kommunen, helseføretaket osv.).

Helsepersonellkategoriar	2005	2004	2003
Legar	925	952	838
Sjukaheleiarar	104	118	97
Tannlegar	42	50	35
Psykologar	38	33	39
Hjelpeleiarar	29	22	18
Fysioterapeutar	15	25	15
Kiropraktorar	9	3	1
Jordmødrer	7	11	4
Ambulansearbeidarar	6	10	4

Dei helsepersonellkategoriane som det var knytt flest vurderingar til er viste i tabell 8. Det blei gjort 17 vurderingar knytt til seks kategoriar som ikkje er viste i tabellen. Det var 12 helsepersonellkategoriar det ikkje var knytt vurderingar til. I alt 19 vurderingar blei gjort vedrørende personar utan autorisasjon eller lisens som helsepersonell.

### Fordeling på rettsleg grunnlag

Rettsleg grunnlag	2005	2004	2003
<b>Paragrafar i helsepersonellova</b>			
Forsvarleg oppførsel (§ 4)	216	200	183
Forsvarleg undersøking, diagnostikk, behandling (§ 4)	1 350	1 313	1 208
Forsvarleg medisineriing (§ 4)	202	169	159
Forsvarleg – anna (§ 4)	250	244	176
Hjelp med ein gong (§ 7)	54	43	58
Informasjon (§ 10)	75	99	74
Organisering av verksemd (§ 16)	144	140	119
Teieplikt, opplysningsrett, opplysningsplikt (kap. 5 og 6)	87	95	83
Pasientjournal (§§ 39–44)	201	269	205
Eigna som helsepersonell: rusmiddelmissbruk (§ 57)	39	45	35
Eigna som helsepersonell: andre forhold (§ 57)	52	74	51
<b>Føresegn i spesialisthelsetenestelova</b>			
Plikt til å handle forsvarleg (§ 2–2)	373	298	173

Tal på vurderingsgrunnlag i 2005 var 3516.

Tabellen viser at dei fleste tilsynssakene (ca. 68 prosent av alle) som forventa er knytte til spørsmål om forsvarleg verksemd. Eit stort tal gjeld informasjon og dokumen-

### Fordeling på medisinske område

I 2005 blei det avslutta 830 saker med 935 vurderingar der verksemd eller personell i spesialisthelsetenesta blei vurdert. Inndelt etter dei næraste medisinske områda fordelar desse vurderingane som vist i tabell 9.

I 2005 blei det i 62 prosent av vurderingane ikkje funne brot på regelverket.

Medisinsk område	2005	2004	2003
Psykiatri	257	238	177
Kirurgi	169	133	109
Indremedisin	114	93	86
Fødselshjelp og kvinnesjukdommar	70	79	62
Ortopedisk kirurgi	45	22	25
Anestesiologi	27	39	22
Nevrologi	17	26	17
Barnesjukdommar	15	17	17
Fysikalsk medisin og rehabilitering	12	15	10
Augesjukdommar	10	19	8
Barne- og ungdomspsykiatri	10	17	20
Onkologi	8	14	15
Andre medisinske område	67	67	–
Ikkje kategorisert etter medisinske område	114	124	–
<b>Sum</b>	<b>935</b>	<b>903</b>	<b>–</b>

tasjon (ca. 10 prosent). Sakene som gjeld rusmiddel og andre spørsmål om å vere eigna (ca. 3 prosent), er ofte alvorlege og endar i mange tilfelle med reaksjonar frå tilsynsorganane.

### Fordeling på utfall av sakene

Utfall	2005	2004	2003
Oversende til Statens helsetilsyn	294	293	195
Påpeikt pliktbrott overfor helsepersonell	353	284	213
Råd eller rettleiing gitt helsepersonell	469	511	443
Systemkritikk retta til direktør/rådmann	42	38	33
Systemkritikk retta til fagleg leiar	9	14	17
Ingen merknad	825	832	763
<b>Sum</b>	<b>1 992</b>	<b>1 972</b>	<b>1 664</b>

## Tilsynssaker behandla av Statens helse-tilsyn – omfang og reaksjonar


Behandlinga av tilsynssakene i Helsetilsynet (dei alvorlegaste sakene som blir sende over frå Helsetilsynet i fylket) er omtalt i eigen artikkel på side 35, der det finst statistikk for reaksjonar mot helsepersonell og kritikk mot verksemdar.

## MELDESENTRALEN

Meldesentralen i Helsetilsynet er ein database over registrerte hendingar som er melde i tråd med spesialisthelsetenestelova § 3–3. Meldeplikta pålegg helseinstitusjonar å gi skriftleg melding til Helsetilsynet i fylket om betydeleg personskade eller hendingar som kunne ha ført til betydeleg personskade på pasient som følgje av at det er ytt helseteneste, eller ved at ein pasient skader ein annan.

Årsrapporten frå Meldesentralen for 2004 oppsummerer erfaringar som byggjer på innmelde hendingar med hendingsdato i 2004. Det har vore ein auke på 51 prosent i talet på meldingar i perioden frå 2001 til 2004. Statens helsetilsyn meiner at dette kan spegle ei positiv endring i meldekulturen. Auken treng derfor ikkje tyde at talet på meldepliktige hendingar i spesialisthelsetenesta har auka.

Per 1. desember 2005 var det registrert 2056 meldingar om hendingar som skjedde i 2004. Ni prosent av desse meldingane gjaldt naturlege dødsfall (figur 1).



Ein fjerdedel (24 prosent) av meldingar med hendingsdato i 2004 gjeld hendingar der årsakene er knytte til feil bruk av legemiddel. 85 meldingar gjaldt tilfelle av sjølv mord, og 49 meldingar gjaldt tilfelle av sjølv mordsforsøk.

I 43 prosent av meldingane er det registrert at pasienten er informert om skaden. Berre i 10 prosent av meldingane er det registrert at pasienten er informert om Norsk pasientskadeerstatning. Det er urovekkjande at mange pasientar ikkje er informerte om skaden eller om Norsk Pasientskadeerstatning.

## BRUK AV NETTSTADEN WWW.HELSETILSYNET.NO

Nettstaden hadde ca. 650 000 besøkjande og vel 3 mill. sidevisingar i 2005. Dei mest populære kategoriane er (sidevisingar i parentes)

- publikasjonar (887 000),
- tilsynsrapportar (ca 2000 enkeltrapportar viste 583 000 gonger),
- Helsetilsynet i fylka (369 000 inkl. medisinalmeldingar),
- regelverk (257 000).

## INNSYN I DOKUMENT

Helsetilsynet fikk 2265 bestillingar på innsyn i dokument frå dei presseorgana som tek del i Elektronisk PostJournal (EPJ) i 2005. For 2004 var talet 2136, og for 2003 var talet 1700.

## PRESSEMELDINGAR

8/2005 Karl Evang-prisen 2005 til Borghild Haaland

7/2005 Invitasjon til Karl Evang-seminaret

6/2005 Har dere forslag til kandidater til Karl Evangs pris 2005?

5/2005 Statens helsetilsyn gir kritikk til Nordlandssykehuset HF Lofoten

4/2005 Svikt i helsetjenesten til nyankomne asylsøker, flyktninger og familiegjennforente

3/2005 Svikt i tildeling av sosiale tjenester til rusmiddelmissbrukere

2/2005 Helsetilsynet inviterer til pressekonferanse i forbindelse med presentasjonen av Tilsynsmelding 2004

1/2005 60 helsepersonell mistet sin autorisasjon i fjor

## RUNDSKRIV FRÅ HELSETILSYNET

Statens helsetilsyn gav ikkje ut rundskriv i 2005.

## REKNESKAPSRESULTAT

Tabell 12 Helsetilsynet – rekneskapsresultat 2005 (tusen kroner)			
Helsetilsynet – budsjettkapittel 721	Budsjett	Rekneskap	Avvik
Faste lønsutgifter	37 519	36 852	667
Variable lønsutgifter	6 856	7 726	- 870
Drift av bygningar etc. (husleige, straum, reinhald, vakthald)	12 103	12 079	24
Andre utgifter	12 820	12 377	443
Sum utgifter	69 298	69 034	264
Inntekter	5 108	5 497	- 389
Netto utgift/mindreforbruk	64 190	63 537	653

Utgiftene til Helsetilsynet i fylka og tilsynet fylkesmennene har med sosialtenesta blir dekte under budsjettkapittel 1510 Fylkesmannsembeta.

## Statens helsetilsyn hjelper til med å avvikle restansar

Helsetilsynet i Oslo og Akershus klarte på grunn av ressursproblem ikkje å innfri kravet til saksbehandlingstid i tråd med St.prp. nr.1 2004. Derfor hjelpte Statens helsetilsyn i perioden 1. september 2004 til 1. september 2005 Helsetilsynet i Oslo og Akershus med å behandle 150 tilsynsakrestansar. Den same årsaka førte i tillegg til at Statens helsetilsyn behandla 46 av dei eldste tilsynssakene frå Helsetilsynet i Hedmark og 40 frå Helsetilsynet i Østfold.

Av dei 237 sakene som blei sende over, blei fem saker returnerte til Helsetilsynet i fylka, to saker blei avskrivne utan å bli behandla, og seks saker blei ikkje vurderte som tilsynssaker, men avslutta med brev til rette vedkommande. 34 saker (15 prosent) blei overførte til Statens helsetilsyn for vurdering av administrativ reaksjon. Av desse blei 25 saker avslutta i tiltaksperioden.